



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje Sokneråd

Sogndal 08.03.2021

Protokoll frå møte i Stedje sokneråd torsdag 04.03.21 kl 19.30 på Stedjetunet.

Desse møtte:

Faste medlemar: Mikael Bruun, Per Hilleren, Kari Torhild Kvåle, Hans Magne Kvåle, Bjørn Skjeldestad, Bente Karin Vathestad, Eldbjørg Reppen Ølnes og Helge Torstad.
Berit Amundsen hadde meldt forfall, og 1. varamedlem Sigfred Stenehjem møtte.

Kasserar Leif Arne Nordheim var kalla inn til sak 10/21

Opningsord v/Mikael

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Leiar orienterte om at rekneskapen skal godkjennast av soknerådet før den vert lagt fram i samband med årsmelding på årsmøte for soknet. I den samanheng vart det gjort framlegg om at orienteringssak 1 går ut, og at den vert eiga sak 10/21.

Samrøystes godkjend

Godkjenning av protokoll frå møte 28.01.2021.

Samrøystes godkjend

Orienteringssaker:

1. Rekneskap for Stedje sokneråd 2020. (Sjå vedlegga Rekneskap 2020, kommentar til rekneskapet 2020) Kasserar Leif Arne Nordheim blir med på møte og går gjennom rekneskapen.
Vart gjort om til sak 10/21
2. Orientering frå ulike utval som soknerådsmedlemmane er med i.
Kyrkjelydshytta: Bjørn Skjeldestad orienterte om framdrifta vedrørende avtale med Knut Rutlin om å få kjøpe seg inn i vegen som går opp til kyrkjelydshytta.
3. Orientering frå møte med Ungdom i Oppdrag. Ungdom i Oppdrag er komen godt i gang med planlegging av oppstart for sitt arbeid i Sogndal. Det blir eit møte med Knut Erlend Rosvold frå Ungdom i Oppdrag, Ove Bukholm, leiar i styret for Stedjetunet og representantar frå Stedje, Kaupanger og Norum sokneråd torsdag 4.3.21 kl. 18.30 på Stedjetunet. Frå Stedje er Per Hilleren, Hans Magne Kvåle, Kari Torhild Kvåle innkalla. (Dei vart vald på sist soknerådsmøte til å representere Stedje i det vidare arbeidet i denne saka). Sidan dette møte er ein time før vårt soknerådsmøte, er det høve for alle medlemmane i soknerådet å vere tilstades.
Leiar orienterte frå dette møte. Det vil bli eit nytt møte den 18. mars på Stedjetunet kl. 19.30. Til det møte vil ein ha meir konkrete planar for vidare oppstart av arbeidet til Ungdom i Oppdrag og bruken av «Kvitehuset» (Vi kallar det huset som Stedjetunet

kjøpte frå Nils Stedje, for Kvitehuset). Det som er viktig for sokneråda å få på plass, er om vi skal gå inn med økonomisk stønad framover og storleiken på den stønaden. I planane ligg det inne at Ungdom i Oppdrag kjøper seg inn med ein halvpart i huset, og at sokneråda dekkar månadlege renter og avdrag på det som står igjen. Kva månadlege summar det vil bli, vil forhåpentlegvis vere klart til det møte. Det er sokneråda som må godkjenne til slutt kva ein vil gå inn på i denne samanhengen.

4. Misjonsgudsteneste i Stedje kyrkje 14.3.kl 19.30 (sjå vedlegg invitasjon)
Referert

Vedtakssaker:

AU hadde ikkje møte i forkant av dette møte, difor vart sakene lagt fram utan tilråding.

- Sak 06/21** Kjøp av plansjar for påsketida (Sjå vedlegg), og link til bestilling av plansjane. Der vil de finne meir opplysningar om desse plansjane.
Soknerådet kjøper inn serien Via Dolorosa, nynorsk(15 plakatar) til kr. 3000,- Leiar sender inn bestilling på plansjane.
Helge og Bjørn tek seg av å lime plansjane på platene. Platene blir innkjøpt av fellesrådet. Helge og Bjørn vil òg setje opp plansjane på Stedje kyrkjegard, slik som i fjor. Den andre serien, Via Lucis, vart kjøpt inn i fjor, og vi brukar opp at dei plansjane som er ferdigmontert på plater.
Samrøystes vedteke.
- Sak 07/21** Val av medlem til Jensen – fondet frå Stedje sokn. Anne Berit Øygard som er medlem, ynskjer avløyning. Oppmodar medlemmane om å kome med framlegg på ein person som skal erstatte Anne Berit Øygard. Personen treng ikkje vere medlem av soknerådet. Styret i fondet som er på 3 medlemmar, har møte 3-4 gonger i året. Njål Ølmheim er leiar, og representerer mållaget, representant frå eldrerådet er Jorunn Fjermestad og frå Stedje sokneråd har Anne Berit Øygard vore representant
«Jensen- jentene» oppretta eit legat. I 2020 stod summen på dette fondet på ca 2.5 mill. kroner. Om lag kr. 10.000,- vert delt ut kvart år. Kapitalen i fondet skal vere stabil. Utgifter som fondet har, går til, annonser, revisor, stell grav, lotteritilsynet. Utdeling skjer etter søknad ein gong i året. Statuttar er: Hygge for eldre og nynorsk målføre i gamle Sogndal kommune. Dei som i hovudsak har fått frå dette fondet er Stedje sokneråd, Røde kors, Dementforeninga og Sogndal mållag.
Vedtak: Det kom framlegg på nokre namn på møte som leiar skulle spørje. Oddbjørg Uglum var ein av dei. Ho er spurt om å vere soknet sin representant i Jensen-fondet, og har svara ja til det. Leiar i Jensen-fondet, Njål Ølmheim, har fått melding om valet.
- Sak 08/21** Høyring frå Kirkerådet om liturgiar for tredagarshøgtida, skjærtorsdag, langfredag og påskenatt. (Sjå vedlegg).
Vedtak: Sender saka til gudstenesteutvalet. Soknepresten er ansvarleg for at det blir teke opp, og at det blir sendt høyringssvar frå utvalet.
- Sak 09/21** Fasteaksjon Kirkens Nødhjelp tysdag 23. mars. Soknerådet må ta stilling til om vi skal ha bøsseinnsamling, det vil sei dør til dør aksjon, eller digital innsamling, slik det vart gjort i fjor. Det viste seg at den forma for innsamling gav mykje mindre inntekt enn når det vart gjort med bøsseinnsamling. I fjor hadde vi ikkje noko val, men måtte gjere

det på den måten. På spørsmål til smittevernlege Leif Erik Husabø, har han gitt dette svaret:

«Dør til dør aksjon kan gjennomførast med liten smittefare og med høg smittefare. Det er avstand til andre personar som er det viktigaste, og evt korleis ta i mot pengar/vipps eller anna.

Gjort på ein rett måte med minst 1 m avstand så er ikkje dette på tvers av reglar for smittevern. Dei som går må vera friske, ha med seg antibac, evt bruke hanskar når dei tek i mot pengar, Evt la dei som får besøk putte pengar i bøsse og sprite etterpå.

Dersom vi får utbrot i området med mutert virus vil dør-til-dør aksjon ikkje vera tilrådeleg».

Det er konfirmantane som i hovudsak går med bøsser, og i den samanheng har Andreas Danbolt laga eit eige oppsett kalla smittevern fasteaksjon. (Vert lagt fram i møte under sakshandsaminga). Om vi ønskjer å ha bøsseinnsamling har Gitte Torstad sagt seg villeg til å gjere forarbeidet.

Vedtak: Soknerådet går for digital innsamling.

Når det blir gjort på denne måten, krev det god planlegging. Eit av framlegga til soknerådet var at Andreas Danbolt som har ansvaret for konfirmantarbeidet, får med nokre av konfirmantane og tek kontakt med Sogn avis, og gjer såleis fasteaksjonen kjent, og kva måte ein vil gjennomføre innsamlinga på. Viser til reportasje i Sogn avis der innsamlinga som russen har til kreftaksjon vart gjort godt kjent og korleid dei klarde å formidle sin aksjon.

Medlemmane i soknerådet må òg ta aktivt del i den digitale innsamlinga.

Sak 10/21

Rekneskap 2020 for Stedje sokneråd

Revidert rekneskap vart lagt fram av kasserar Leif Arne Nordheim.

Rekneskapen samrøystes godkjend.

Kasseraren kom med oppmoding til soknerådet om å profilere meir aktivt at gåver til kyrkjelydsarbeidet gjev frådrag på skatten. Dette kan gjerast mellom anna gjennom kyrkjelydsbladet.

Møte slutt kl. 21.20

Helge Torstad

-leiar Stedje Sokneråd